



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Senioringeniør Lars Kringstad, 71 25 84 50

Vår dato
31.03.2015
Dykkar dato
24.03.2015

Vår ref.
2015/1941/LAKR/431
Dykkar ref.

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Ørsta kommune.

Vartdal Fiskeoppdrett AS. Fråsegn til søknad om løyve til uttak av grunnvatn til produksjon av settefisk i Vartdal.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Vartdal Fiskeoppdrett AS søker om løyve etter vassressurslova til å ta ut vatn frå tre lausmassebrønner ved Storelva i Vartdal, med eit uttak på 130 l/s. Vatnet skal nyttast i smoltproduksjon.

Fylkesmannen kjenner ikkje til registrerte naturverdiar i området, men Storelva har oppgang av anadrom laksefisk. Vassstilhøva er undersøkt ved etablering av fleire prøvebrønner på staden. Granskinga syner at grunnvatnet ligg så djupt at uttaket ikkje vil påverke landbruksproduksjonen. Det er heller ikkje påvist samanheng mellom overflatevatn/elv og grunnvatn. Det går vidare fram at det skal etablerast eit overvakingssystem som sikrar at grunnvassnivået alltid er minst 0,5 m over middels havnivå.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det omsøkte vassuttaket vil ha vesentlege verknader for ålmenne interesser. Når det gjeld tiltaket i høve til sektorlovgivinga er det ikkje naudsynt med behandling av søknadane etter laks- og innlandsfisklova. Vi kan heller ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:
Ørsta kommune